



Statsminister Erna Solberg

Val av hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 4.12.2015 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd er kjent med at regjeringa i nær framtid skal handsama spørsmålet om val av hovudtraséar mellom Austlandet og Vestlandet.

Sogn regionråd støttar Statens vegvesen sin langsiktige utviklingsstrategi for riksvegnettet med to hovudsamband.

Den klare anbefalinga er at det eine hovudsambandet er tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av Rv 52 Hemsedalsfjellet, med tilkopling av Rv 5 og ferjefritt samband Mannheller – Fodnes. Dette er også den faglege tilrådinga på grunnlag av grundige vurderingar av dei ulike alternativa med kost-nytte vurderingar.

Eit hovudsamband som nemnt er eit svært godt alternativ Bergen – Voss – Lærdal og vidare austover. I tillegg er det eit svært godt alternativ for trafikk frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med kopling til E 39.

Dei regionale effektane av å velja eit hovudsamband over Hemsedal med arm til Rv 5 er store. Hovudsambanda må tena heile Vestlandsregionen. Rv 134 er eit sjølvstøtt val som det eine alternative, Rv 52/Rv 5 er eit like sjølvstøtt val for det andre alternativet.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til: Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen
Stortingsbenken